



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

CONCILIU M AS  
Eindrides veg 34  
7227 GIMSE

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	16.03.2022	40648/2022/REGULERINGSPLAN/1535	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	29.04.2022

## **Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Furnes Masseeuttak - gbnr 51/1 - fråsegn til oppstart**

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*Fylkeskommunens planverk* er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

Saka gjeld oppstart av detaljreguleringsplan for Furnes masseuttak.

### **MERKNADER TIL PLANPROGRAMMET**

#### **Planfaglege merknader**

Vi kan ikkje sjå at referat frå oppstartsmøte med Vestens kommune ligg saman med sakspapira.

Vi stiller spørsmål ved kvifor utgreiingane er avgrensa til ikkje prissette konsekvensar. Plan og bygningslova § 4-2 stiller krav om at verknadar for "miljø og samfunn" skal gjerast greie for, og opnar ikkje for noko avgrensing av dette. Vi viser i den samanheng også til § 21 i KU-forskrifta, som gir ei ikkje utfyllande liste over faktorar som må vurderast. Ut frå dette etterlyser vi mellom anna at planprogrammet omtaler, eventuelt tingar utgreiingar knytt til støy og støv, transport og utslepp frå transport, landbruk, samfunnsøkonomi m.m.

Vi saknar også omtale av eventuelt opphør av drift og verknader knytt til etterbruk.

Tingingane i planprogrammet er kortfatta. Det er ingen tilvising til aktuelle kunnskapskjelder, og i liten grad til metodikk. Dette gir stort tolkingsrom, og det blir

vanskeleg å vurdere om utgreiingsplikta er oppfylt i etterkant. Vi viser til §§ 20 og 22 i KU-forskrifta.

Ut frå dette rår vi frå at planprogrammet blir vedtatt slik det er utforma.

## **INNSPEL TIL PLANARBEIDET**

### **Planfaglege merknader**

Arbeidet med planen starta opp i 2007, og blei sendt på offentleg høyring i 2021. Vi gav i vår uttale 17.12.2021 uttrykk for at saka burde bli opplyst så godt som mogleg og ønska nytt oppstartsvarsel. Dette er no tatt til følge.

Planområdet er omlag 500 daa, sjølve massettaket omlag 200 daa, med eit volum over 2 mill. m<sup>3</sup>. Omfanget utløyer automatisk krav om konsekvensutgreiing etter forskriftera sitt vedlegg 1.

### **Automatisk freda kulturminne**

Vi viser til brev datert 17.12.2021, der vi påpeikte at det ikkje var gjennomført arkeologiske registreringar i medhald av kulturminnelova § 9 og 10, jamfør også brev i 2008. Registreringskravet står ved lag.

Innanfor planområdet for Furnes masseuttak ligg ein kjent automatisk freda steinalderlokalitet ID 113026. Det står i planprogrammet at kulturminnet ikkje vil bli berørt av tiltak knytt til masseuttaket. Dette gjeld for så vidt at arealet som er verna kanskje ikkje skal endrast, men det står ikkje noko om korleis ein tenker å sikre kulturminnet under anlegg- og driftsfasen, eller korleis konteksten rundt minnet blir endra.

I kartet som viser tenkte arealformål, ligg det automatisk freda kulturminnet i området som er avsett til formål til råstoffutvinning. Heile det automatisk freda kulturminnet inkludert den fem meter automatisk freda sikringssona, må i plankartet vere omsynssone D (SOSI H\_730), med tilhøyrande føresegn. Utanfor dette, må kulturminnet også få ei omsynssone C (SOSI H\_570) med tilhøyrande føresegn, som sikrar samanhengen mot sjøen. Denne lokaliteten må kontrollregistrerast og avgrensast nærmare. Vi vil kome tilbake til endeleg avgrensing og storleik på omsynssone etter gjennomført arkeologisk registrering. Arealformålet under omsynsonane må vere grøntområde/LNF og ikkje bebyggelse og anlegg.

Det øvrige planområdet har potensiale for funn av ukjente automatisk freda kulturminne frå steinalder og utmarks kulturminne frå bronsealder-jernalder, som kan ligge skjult under markoverflata. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i kulturminnelova (KML). Den arkeologiske registreringa må gjennomførast før den endelege plana eventuelt kan godkjennast.

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekke utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett (sjå vedlegg), i tråd med nye nasjonale retningsliner for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Dette er eit maksimum budsjett, det kan tenkast at registreringa tar kortare tid og da vil kostnadene bli tilsvarande mindre. Vesentlege uføresette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

Ved arbeid på og langs veg viser vi til Handbok N301, og føringane kring varsling og sikring. Det må på førehand vere avklart ansvarsfordeling i samband med rutinane kring arbeidsvarsling og risikovurdering. Dersom det er pågående drift i masseuttaket så må ein få plass ein HMS-avtale for gjennomføring av den arkeologiske registreringa, før oppstarten, med tanke på sikkerheita til feltarkeologane.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen må utformast. Om ein utsett registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette seinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura.

Alle korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrappoart. Skulle det være ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrappoarten i papirutgåve, må dette etterspørjast.

Det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidlegare år. Budsjett er vedlagt.

## KONKLUSJON

Vi har ikkje avgjerande merknader til at regulerigsprosess blir sett i gang, men rår sterkt til at planomtalen blir supplert og endra før vedtak, jamfør merknadar ovanfor.

Vi stiller krav om arkeologiske registreringar i medhalda av kulturminnelova §§ 9 og 10.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Ingeborg Forseth  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Signe Marie Midtgård, tlf. 907 80 287

Vedlegg: Revidert §9 budsjett - arkeologisk registrering Furnes masseuttak

Kopi:  
Vestnes kommune  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen  
Direktoratet for mineralforvaltning